



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/724 - 15/5376

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
12.05.2015

Tilbakemelding om Radøy kommunes håndtering av bilvrak

Viser til fylkesmannens brev «Fjerning av bilvrak langs vegen og i naturen» dagsett 25/02/2015, merka med referanse 2015/3077.

Radøy kommune tar bilvrak i naturen og langs vegen alvorleg og jobber kontinuerlig med problemstillinga.

Handtering av bilvrak er delt mellom teknisk drift og landbrukskontoret (Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy). Teknisk drift tar tak i og følgjer opp bilvrak langs etter veg og på kommunale anlegg. Bilvrak plassert uforsvarleg på gardar og i inn- og utmarka verte handtert av landbrukskontoret .

Rutiner for handtering av bilvrak:

- Kommunen mottar melding eller observerer bilvrak på uegna plass.
- Samler inn opplysninger om saka (ofte per telefon) og tar kontakt med eigar av bilen eller tomta.
- Kommunen drar på synfaring om dei finn dette nødvendig for å opplyse saka.
- Så handsamas saka etter rett lovverk; Vegtrafikklova eller forureiningslova. Ved handsaming etter forureiningsloven føljes «Oppfølging av forsøplingssaker og ulovlig lagring av brukte gjenstander» frå www.miljokommune.no .

Grunna begrenset kapasitet vil ikkje kommune ha moglegheit til å handtere alle bilvrak, men vi har fokus på problemet og tar tak i nokon saker.

Våren 2015 har vi lagt ut ein artikkel på våre nettsider med oppmoding om å fjerne bilvrak og enkel informasjon om næraste mottak og vrakpant ordningane.

Landbrukskontoret skal og fornye sine nettsider og vil i den nye strukturen inkludere kort og enkel informasjon om regelverket rundt og innleveringsordningane for gamle biler.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN